

Årsmelding 2020 Norsk ICOM

ARBEIDSMÅL

Norsk ICOM har hatt følgende overordna arbeidsmål i 2020:

1. Styrka internasjonal deltaking gjennom å stimulere dei norske musea og tilsette til aktivt å delta i internasjonale aktivitetar og komitéarbeid.

Tiltak i 2020:

Tilby reisestøtte for deltaking i internasjonale møte (pandemien stoppa dette)
Delta på årleg møte i ICOM NORD (nettmøte grunna pandemi)
Deltaking på internasjonale møte i ICOM (kun nettmøte/pandemi)

2. Vidareutvikle arbeidet med museumsetikk.

Tiltak i 2020:

Styrke fokus på etikk gjennom kurs, foredrag og promotering av de etiske retningslinjene (utsett grunna pandemi)
Avslutte konkretiseringsprosjekt for etiske retningslinjer (2019/2020).
Avsluttende behandling på museumsårsmøtet i 2021.

3. Vidareføre arbeidet med Blue Shield og arbeidet mot ulovleg handel med kulturarv.

Tiltak i 2020:

Delta i arbeidet i den norske Blue Shield-komiteen. For meir info sjå under.

4. Medverke til ein generell kompetanse- og kvalitetsutvikling for både enkeltpersonar og institusjonar.

Tiltak i 2020:

Vidareutvikle kommunikasjon med medlemmene med vekt på digitale løysningar.
Publisere reiserapportar.
Promotere Den internasjonale museumsdagen.
Formidle informasjon om internasjonale webinar/seminar/konferanser på nett for medlemmene.

FAGLEGE REISER

Medlemmer i Norsk ICOM kan søkje om reisestøtte for å delta på faglege møte i internasjonale komitéar. I 2020 vart det ikkje søkt om reisestøtte grunna pandemien.

Føresetnaden for reisestøtte er at ein skriv ein kort artikkel/rapport med fagleg innhald frå konferansen, samt sender inn bilete. Etter styret si godkjenning blir rapporten som hovudregel lagt ut på Norsk ICOMs heimesider. Desse fagartiklane er viktige bidrag til deling av erfaringar og kunnskap frå dei mange fagkonferansane i ICOM. Styret set difor krav til dei medlemmene, som får reisestøtte, om at artiklane skal vera av høg kvalitet. Alle har levert faglege reiserapportar frå Japan (Generalforsamlinga i Kyoto i september 2019), som er lagt ut på heimesida til Norsk ICOM.

Andre internasjonale reiser

I tillegg til fagleg reisestøtte kan medlemmer som har sentrale verv eller er president i ein internasjonal komité søkje om reisestøtte for å delta på møte i ICOM sine sentrale organ.

ICOM NORD

Norsk ICOM arrangerte i 2020 det årlege møtet for dei nordiske ICOM-komitéane på nett grunna pandemien. Det har lenge vore diskutert om dei nordiske landa skulle opprette ein allianse og få ICOM Nord godkjent som allianse i ICOM. Alliansen vart godkjent av EB i ICOM i 2020.

ETIKK

Hausten 2018 tok ein til å førebu eit nytt etikkprosjekt etter fleire innspel frå medlemmer. I 2019 vart konkretiseringsprosjektet starta opp i samarbeid med Norsk Museumsforbund. Arbeidet er leia av Kathrin Pabst (Norsk ICOM), Liv Ramskjær (NMF) og Atle Ove Martinussen (Norsk ICOM). Det vart oppretta 10 ekspertgrupper som har arbeidd med konkretisering, utdjuing eller supplering av ICOM sitt museumsetiske regelverk med utgangspunkt i utfordringane vi ser i Norge. Det har vore høyring i løpet av 2020, der alle medlemmer og museumstilsette kunne koma med innspel. Det kom inn mange innspel og arbeidsgruppa arbeidde fram eit nytt utkast saman med ekspertgruppene og nytt utkastet vart sendt ut på ny runde for innspel. Det vart også gjennomført eit nettmøte der ekspertgruppen svarte på spørsmål. Arbeidet vil bli avslutta i 2021.

SAMISK KULTURARV

I 2020 planla vi å gjennomføre ein workshop/seminar for samiske museer i Norge, Sverige og Finland, der tilbakeføring av samisk kulturarv var tema. På grunn av pandemien var dette ikkje noko vi kunne gå vidare med.

Parallelt har kulturdepartementet i statsbudsjett for 2021 gitt tilsegn til eit prosjekt som går ut på å kartleggje den samiske kulturarven på dei statlege musea i Tyskland. Midlane er tildelt Sametinget som i sin tur har bede Samisk museumsforbund og dermed Norges Museumsforbund om å vera prosjekteigar og dei samiske musea om å vera prosjektpartnarar. Dette arbeidet er kome i gang og det er oppretta ei styringsgruppe. Birgitta Fossum er medlem i styringsgruppa. Det vil bli utlyst ei stilling. Det er her semje om at det må bli eit samarbeid med dei samiske musea i Sverige og Finland. Styret foreslår at man samarbeider med dette prosjektet for å gjennomføre eit seminar eller ein workshop i 2021/2022.

DEN NORSKE BLUE SHIELD-KOMITEEN (BSN)/ TRUET KULTURARV

Norsk ICOM er representert i Den norske Blue Shield-komiteen ved Håkon Roland. BSN skulle delta på den 4. beredskapskonferansen ved Høyskolen Innlandet. Emma Cunliff (sekretær i Blue Shield International (BSI)) var booket og foredraget klart, da konferansen i april ble avlyst på grunn av koronapandemien. Vert fulgd opp i 2021.

Roland deltok på vegne av BSN på FORK-møtet 23. januar. FORK består av representantar frå Riksantikvaren, Riksarkivet, Kulturrådet, Kunst i offentlig rom, Finans Norge, Kirkens arbeidsgiverforening og Nordisk konservator forbund. Vi orienterte om kvarandre sitt arbeid og konkluderte med felles interesser, samarbeid om utveksling av erfaringar og arrangementer, t.d. beredskapskonferanser. Vert fulgd opp i 2021.

Møtet i Blue Shield Europa i Praha i november 2020 blei utsett til 2021 på grunn av koronapandemien.

Ein ekstraordinær generalkonferanse blei arrangert på Zoom 28. august.

BSI har starta med månedlege uformelle online-møte, som alle nasjonalkomiteer er invitert til å delta i. BSN deltok i desember.

Gjennom samarbeidet med UiO deltar BSN i UiO-satsningen HEI: Heritage Experience Initiative. Aktiviteten i 2020 blei sterkt redusert grunna koronapandemien. Roland deltok på HEIs Kulturarvsdag 19. mars.

Roland deltok på følgjande arrangement:

NETCHER Public Conference on Illicit Trafficking of Cultural Heritage, 21.9.2020 (open nettkonferanse m/registrering)

UNIDROIT La Convention d'Unidroit de 1995 – Les biens culturels au carrefour des droits et des intérêts, 8-9.10.2020 (invitert nettkonferanse m/registrering)

UiO, IAKH/KHM Forskarseminar. HR holdt innlegg om diplomatiets rolle i tilbakeføring av kulturgjenstander til krigs- og konfliktområder, 23.10.2020

EU, EEAS The Role of the European Union on the Protection and Enhancement of Cultural Heritage in Conflict and Crises, 12-13.11.2020 (invitert nettkonferanse m/registrering)

Riksantikvarieämbetet, Sverige. UNESCO 1970-konvensjonen 50 år, 14.11.2020 (open nettkonferanse)

SAMARBEID MED ANDRE INTERNASJONALE KOMITEER

Norsk ICOM har eit tett og godt samarbeid med dei øvrige nordiske komitéane. I mai skulle det årlege møtet arrangerast på Færøyane, men grunna pandemien vart det gjennomført som eit todagars nettmøte. Håkon Roland er Norsk ICOM sin representant i alliansen.

DEN INTERNASJONALE MUSEUMSDAGEN

Norsk ICOM oppfordra norske musé til å markere dagen og fleire av musea følgde oppfordringa.

ADMINISTRATIV VIRKSOMHET

Styre fram til årsmøtet 2020 (september)

Interimstyreleiar: Atle Ove Martinussen

Sekretær: Birgitta Fossum

Kasserar: Mimi C. Rode Wiik

Styremedlem: Håkon Reiersen, Charis Gullickson, Håkon Roland

Etter årsmøtet 2020 vart det følgjande samansetjing av styret:

Leder: Atle Ove Martinussen

Sekretær: Birgitta Fossum

Kasserer: Mimi C. Rode Wiik

Styremedlem: Charis Gullickson, Håkon Roland og Harald Høiback

Medlemskap

Ved starten av året hadde Norsk ICOM 816 medlemmer.

Personlig medlemskap: 584

Senior + student: 132 + 17

Institusjoner: 84

= 817 medlemmer totalt

Kontakt med medlemmene

Norsk ICOM si nettside er medlemmene sin viktigaste kanal for å få informasjon om komitéen si verksemd. I tillegg til nettsida vart det sendt informasjon på e-post gjennom året.

Samarbeid med andre

Norsk ICOM fekk i 2020, som tidlegare år, økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd, og har hatt fagleg samarbeid med denne institusjonen. Gjennom samarbeid i Blue Shield-komitéen har Norsk ICOM kontakt og samarbeid med søsterorganisasjonane ICOMOS (kulturminne), IFLA (bibliotek) og ICA (arkiv). Norsk ICOM er med i alliansen ICOM Nord og samarbeider også med dei andre nordiske ICOM komitéane.

Norsk ICOM kjøper kontortenester hos Norges Museumsforbund og samarbeidde mellom anna om konkretiseringsprosjektet for etiske retningsliner i 2020. Norsk ICOM har samarbeid med NMF om museumsårsmøtet.

Kontakt og samarbeid med ICOM sitt hovudsekretariat i Paris er ein viktig del av arbeidet i Norsk ICOM, og vert ivaretatt dels av styret og dels av kontorsekretæren i Norges Museumsforbund. Vi har inntrykk av at aktivitetsnivået i Norsk ICOM, både nasjonalt og internasjonalt, blir lagt merke til og verdsett av leiing og sekretariat i ICOM.

Dei fortløpande sakene gjeld mellom anna godkjenning av nye medlemmer, utskriving av medlemskort, erstatning av tapte kort og sjølvstakt innbetaling av kontingenten frå medlemmene, der storparten går til ICOM sentralt i Paris.

Atle Ove Martinussen
Styreleiar